



Markedsrådet

Markedsrådet si avgjersle 27. februar 2025

Sak: 2024/1818
Klagar: Nils Norman Haukås
Innklaga: Forbrukertilsynet

Sakas bakgrunn

- (1) Saka gjeld klage gjeld klage på Forbrukertilsynet sin nedprioritering av tips som gjaldt Norsk Rikskringkasting AS (heretter «NRK» eller «selskapet») sitt svar på informasjonskrav etter lov 18. juni 2021 nr. 99 om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (åpenhetsloven) § 6.
- (2) Forbrukertilsynet mottok 15. oktober 2024 tips frå Nils Norman Haukås (heretter «klagar» eller «Haukås») på dette forholdet. I tipset vert det vist til at Haukås 2. september 2024 sendte eit informasjonskrav til NRK med spørsmål om kva aktsemdvurderingar selskapet hadde gjort i forbindelse med deira bruk av skyleverandørar som Amazon Web Services, Google og Microsoft.
- (3) Tipset hadde bakgrunn i regjeringa si fråråding av 7. mars 2024 til norsk næringsliv mot handel, investeringar og næringsverksemd som bidreg til å oppretthalde dei folkerettsstridige israelske busetjingane på Vestbredda. Ifølge Haukås er det teikn som tyder på at skyleverandørane bidreg til Israels krigføring mot den palestinske sivilbefolkninga.
- (4) NRK svarte på informasjonskravet i e-post 24. september 2024 og informerte om at selskapet hadde hatt fokus på å gjennomføre aktsemdvurderingar på avtaleområder med høg risiko. På dåverande tidspunkt hadde ikkje NRK vurdert skyleverandørar som eit leverandørområde med høg risiko og hadde derfor ikkje føretatt særskilte aktsemdvurderingar av Microsoft og Google. NRK understreka at informasjonen som var oversendt av Haukås ville bli tatt med i det vidare arbeidet med oppfølging av denne typen leverandørar. Når det gjaldt regjeringa si fråråding 7. mars 2024, vurderte NRK at avtalane med Microsoft og Google ikkje var omfatta av frårådinga.
- (5) Forbrukertilsynet bestemte i brev 23. oktober 2024 å nedprioritere klagar sitt tips, og viste til ressursomsyn som grunngeving for nedprioriteringa.

Postadresse:
Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:
Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 post@knse.no

- (6) Klagar klaga på avgjersla om å nedprioritere tipset 12. november 2024. Forbrukertilsynet fant ikkje grunn til å gjere om avgjersla, og oversendte klagen med innstilling 26. november 2024 til Markedsrådet for behandling.
- (7) Klagar sendte 2. desember 2024 utfyllande merknader til Forbrukertilsynet sin innstilling til Markedsrådet.

Påstandar

Klager har i det vesentlege lagt fram følgjande påstandar:

- (8) Forbrukertilsynet skal påleggjast å realitetsbehandle tipset. Noreg er forplikta til å handle proaktivt for å forhindre folkemord, jf. konvensjon om forhindring av avstraffelse av forbrytelsen folkemord (folkemordkonvensjonen). FNs spesialrapportør uttalte 26. mars 2024 at Israels krigføring mot palestinarane oppfyller kriteria for folkemord. Regjeringa har 17. oktober 2024 skjerpa frårådinga av 7. mars 2024 om at norske selskap skal unngå handel som bidreg til å oppretthalde Israels okkupasjon av Palestina. Dersom norske bedrifter kjøper tenester frå Microsoft, Google og/eller Amazon Web Services, og ikkje problematiserer menneskerettsbrotta frå desse skyleverandørane i aktsemdvurderingane, må ein tolke dette som bidrag til Israels ulovlege okkupasjon. Saka kan ikkje nedprioriterast, då den har stor prinsipiell betydning for næringslivet og er i kjerna av hovudformålet til åpenhetsloven, som er å sikre respekt for dei grunnleggande menneskerettane. Dersom klaga ikkje vert tatt til følgje, vil dette i praksis motarbeide regjeringa si skjerpande melding. Det vil også signalisere at saker som omhandlar åpenhetsloven og bidrag til Israels ulovlege okkupasjon, ikkje prioriterast.

Forbrukertilsynet har i det vesentlege lagt fram følgjande påstandar:

- (9) Det kjem inn rundt 11 000 skriftlege klager og andre førespurnadar i året. Sett hen til planar for tilsynsarbeidet, kapasiteten til å ta opp nye saker til behandling, og omsyna som gjer seg gjeldande i denne saka, er det ikkje grunnlag for å pålegge Forbrukertilsynet ei plikt til å realitetsbehandle saka.

Markedsrådet si vurdering

- (10) I tråd med forskrift 21. november 2017 nr. 1817 om Forbrukertilsynets og Markedsrådets saksbehandling mv. (forskriften) § 4 fjerde ledd, vert saka avgjort av leiaren i Markedsrådet åleine.
- (11) Forbrukertilsynet er gitt myndigheita til å føre tilsyn med at føresegna i åpenhetsloven vert overhaldt, jf. åpenhetsloven § 9 første ledd. I forarbeida blir det lagt til grunn at «[e]nhver som har rettigheter etter åpenhetsloven vil kunne tipse Forbrukertilsynet om brudd på disse rettighetene. Det vil være opp til Forbrukertilsynet å avgjøre hvilke saker det tar opp med virksomhetene», se Prop. 150 L (2020-2021) side 101.
- (12) Forbrukertilsynet skal, ut frå «hensynet til å fremme virksomheters respekt for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold», føre tilsyn med at føresegna i åpenhetsloven blir følgt, jf. åpenhetsloven § 9 første ledd. Ordlyden og utsegna frå forarbeida tilseier at Forbrukertilsynet har eit vidt skjønn til å vurdere om det føreligger tilstrekkelege interesser til at saka bør realitetsbehandlast, eller om ein av omsyn til prioriteringar bør la saka ligge.

- (13) Markedsrådet har i utgangspunktet lagt terskelen høgt for å overprøve Forbrukertilsynets avgjersler om nedprioritering. Bakgrunnen for dette er at Forbrukertilsynet som regel sjølv har den beste oversikta over kva saker som ligg til behandling, og derfor best kan foreta ein prioritering av sakene.
- (14) NRK har i svaret på informasjonskravet i e-post 24. september 2024 opplyst at selskapet har gjennomført aktsemdvurderingar på avtaleområder med høg risiko. I e-posten var det også vist til at NRK på dåverande tidspunkt ikkje vurderte skyleverandørar som eit leverandørområde med høg risiko, og selskapet hadde derfor ikkje føretatt særskilte aktsemdvurderingar av Microsoft og Google. NRK understreka at informasjonen som var oversendt av Haukås ville bli tatt med i det vidare arbeidet med oppfølginga av denne typen leverandørar. Markedsrådet antar at svaret frå NRK har hatt betydning for Forbrukertilsynets vurdering av om saken skal prioriterast. Markedsrådet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å pålegge Forbrukertilsynet å realitetsbehandle denne saka på noverande tidspunkt. Det visast også til Forbrukertilsynet sine påstandar om ressursprioritering.
- (15) Klagen har etter dette ikkje ført fram.

Avgjersle:

Klagen over Forbrukertilsynet sin nedprioritering av tips som gjaldt Norsk Rikskringkasting AS sitt svar på informasjonskrav etter åpenhetsloven § 6, vert ikkje tatt til følge.

Monica Viken

Leiar i Markedsrådet

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur